HELSE FONNA

# Referat frå møte i Brukarutvalet

**Tid**:
Møte med Styret i Helse Fonna HF, kl.11:00 – 12:00
Fredag 17.juni 2016, kl.13:00 – 15:00

**Sted**:
Maritim hotell

**Tilstede:**
**Frå Brukarutvalget:**
Laila Stensletten, Ellen Stråtveit, Wenche Marie Schiefloe, Jostein Havnerås, Laura Sofie Seltveit, Janniche Kristengård

**Vara:**
Kari Røksund
Janne-Elin Kvalheim Thronsen (fra kl.13:00)

**Fråvær:**
Kjell Inge Bringedal
Gerd Lise Dalen
Erland Bakken

**Helse Fonna**:
Kari Ugland
Sølvi Torvestad

**Referent:**
Sølvi Torvestad

| Saksnr. | Sak |
|---|---|
| | **Møte med styret i Helse Fonna HF frå klokka 11:00 – 12:00** |
| 27/2016 | **Godkjenning av referat og innkalling**<br>Referat og innkalling er godkjend |
| 28/2016 | **Refleksjon etter møte med styret**<br>Brukarutvalet er nøgd med møtet |
| 29/2016 | **Informasjon frå brukarar som deltek i prosjekt og utval.**<br>Notat med eventuelle spørsmål til BU sendes leiar og nestleiar i forkant av møtet. Kopi av notat sendes sekretær i BU<br><br>Nokon kommentarar:<br>• Gruppa blei påminna at dei kan nytta medlemmer av utvalet eller heile utvalet som rådgjevande gruppe med omsyn til emne som det er behov for avklaring av.<br>• Brukarmedlemmar kan be om merknad i referat på tema der det er vesentlig at synspunkt kommer fram |

| | |
|---|---|
| | • Bygg 2020. Detaljprosess startar frå haust 2016. Det er vesentleg at brukarane er obs på verdien av at det i prosessen tas omsyn til brukarars behov for universell utforming. |
| 30/2016 | **Kvalitetssikring av Medikament opplysningar**<br><br>Informasjon ved fagdirektør Haldis Økland Lier og Elisabeth Huseby, rådgjevar pasienttryggleik<br><br>Det er fleire kjelder til feil bruk av medikament; feil ordinering, feil tillaging, feil utlevering, feil på lista, interaksjonar og synonympreparat er nokre vanlege feil.<br>Avvik/skader skal meldes frå sjukehuset til Kunnskapssenteret som gir ein vurdert tilbakemelding på alle avvik som blir meld.<br><br>Helse Fonna HF har eit stort fokus på legemiddelsamstemming og har i gang sett tiltak for å sikre informasjon om legemiddel:<br>• Ny opplærings runde for dei aktuelle faggruppene med legemiddelsamstemming som tema.<br>• Det er vedtatt indikatorar som legemiddelsamstemming ved innlegging, oppdatert legemiddelliste ved utreise og legemiddelsamstemming ved utskriving.<br>• Det er i gang sett prosjekt regionalt i Helse Vest, med lokal forankring i Helse Fonna som skal fokusere på samstemming av legemiddellisten ved overgangar.<br>• E-helsedirektoratet arbeider mot fastlegene |
| 31/2016 | **Status for prosjekt «Odda og Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal sjukehusplan (2016 – 2019)**<br><br>Informasjon ved fagdirektør Haldis Økland Lier<br><br>**Informasjon vart gitt i møte med styret:**<br>Administrerande direktør orienterte om status for prosjektet.<br><br>«Prosjekt Stord» er avslutta. Det utarbeidas sluttrapport som skal på høyring før Helse Fonna styret behandlar saken.<br><br>«Prosjekt Odda» held fram utover hausten 2016. Prosjektgruppa utvidast og rapport er venta før jul 2016. |
| 32/2016 | Informasjon ved samhandlingssjef Kari Ugland<br><br>• Forslag til vidareutvikling av FOUSAM<br>Det føreligg ei rekke politiske signal om at forsking innan helse- og omsorgssektoren bør styrkas. Og det er behov for ei opptrappingsplan i samband med forsking i kommunane. |

| | |
|---|---|
| | Ei arbeidsgruppe beståande av representantar frå føretak, kommunar og HSH er nedsett. Arbeidsgruppa skal gjera greie for grunnlag for at FOUSAM organisatorisk, økonomisk og politisk kan væra eit verktøy for desse utfordringane.<br><br>• Informasjon om Helse Vest sin strategi for verksemda for perioden frem til 2030; Helse 2030<br><br>I arbeidet for å møte de utfordringer som ligg føre oss, har Helse Vest igangsett eit prosjekt for å utforme ei samanfatta virksomhetsstrategi. Det er fleire tema som vert diskutert i prosjekt; kvalitet, variasjon, pasienttryggleik, kommunikasjon, prioriteringar, standardiserte pasientforlaup, multisjuke, strategisk samspill med private aktørar, økt verdiskaping, spesialisthelsetenesta utanfor sjukehus, medarbeiarskap og leiing.<br><br>Arbeidsgruppene skal framlegge sine forslag til strategiplan med overordna tiltaksplan før sommaren |
| Eventuelt | 1. Representantar frå Helse Fonna HF til fellesmøte for brukarutval i Helse Vest 17. og 18.august er leiar, nestleiar og sekretær i utvalet<br><br>2. Nye representantar til Brukarutvalet skal utveljast for perioden 2017 – 2019. Samhandlingseininga vil gjere ei framlegg til leiar av hovudorganisasjonane med oppmoding om å melda forslag til representantar.<br><br>3. Brukarhuset i Haugesund er godt i gang og det er føreslått at eit par personar frå Brukarutvalet gjennomfører eit møte med organisasjonane eit par gonger årleg ein time før møte i BU. Diskusjonen vert sett på agenda til første møte haust 2016 |